



# Innst. 104 S

(2015–2016)

## Innstilling til Stortinget fra utenriks- og forsvarskomiteen

Meld. St. 36 (2014–2015)

### Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Noregs deltaking i den 69. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)

Til Stortinget

#### Sammendrag

Meldinga gjeld Noreg si deltaking i FN si generalforsamling, som kvar haust finn stad i organisasjonen sitt hovudsete i New York. Meldinga, som illustrerer det omfattande norske engasjementet i FN, er samansett av fire delar: generalforsamlinga, dei seks faste komiteane, Tryggingrådet og styrking av FN, reform og aktørar. For ei nærare skildring av dei ulike aktivitetane og sakene under generalforsamlinga vert det vist til meldinga. I det følgjande vert nokre av dei mest sentrale attgjevne.

Den 69. generalforsamlinga var prega av den ustabile regionale situasjonen i Midtausten og delar av Afrika, dei mange og store humanitære krisene verda står overfor, og utviklinga i Ukraina. Konfliktane i Syria, Irak, Sør-Sudan og Den sentralafrikanske republikken har tvinga millionar av menneske på flukt og ført til enorme humanitære lidningar. Krigshandlingane i Gaza og konflikten i Mali, saman med den sterke framgangen for brutale terroristorganisasjonar som ISIL og Boko Haram, utgjorde òg ein del av det dystre bakteppet.

Ein fellesnemnar for mange av konfliktane er at dei er komplekse, vedvarande og utan direkte utsikter til politiske løysingar. Konfliktane har òg tvinga svært mange menneske på flukt i og utanfor sitt eige land. Verda står no overfor den største flyktningskrisa sidan andre verdskrigen. Massive brot på menneskerettane og på andre grunnleggjande folkerettslege

prinsipp, saman med utbrotet og spreinga av det svært smittsame og dødelege ebola-viruset, prega òg dagsordenen.

Dei store og samtidige krisene har sett det humanitære systemet til FN på ei alvorleg prøve, men har òg understreka behovet for felles løysingar. Ein tydeleg etterspurnad etter eit effektivt og handlekraftig FN stod sentralt under høgnivåveka hausten 2014. Mange land mobiliserte kraftig for global styring og forsvar av folkeretten. Tryggingrådet til FN heldt rekordmange møte i 2014, og drøfta òg helsekrisa i samband med ebola-epidemien. Ukraina-konflikten kompliserte dynamikken i Tryggingrådet, men berre på nokre avgrensa område.

I tillegg til dei akutte krisene har Noreg prioritert det langsiktige normative arbeidet i FN's generalforsamling, utviklingsagendaen og reformtiltaka for å styrkje FN si evne til å løyse oppgåvene sine. Noreg har styrkt den operative evna til FN. Døme på dette er støtte til å fjerne kjemiske våpen frå Syria, innsatsen mot ebola, bidrag til FN's fredsoperasjonar og politiske meklingsrolle. På nedrustingsområdet har Noreg medverka til å auke oppslutninga om den internasjonale våpenhandelsavtalen (ATT) og humanitær nedrusting.

Noreg hatt ein høg profil når det gjeld likestilling, på menneskerettsområdet og innanfor internasjonal strafferett, kvinners seksuelle og reproduktive helse og rettar og diskriminering av homofile (LHBT). Trass i motstand har det vore mogleg å oppnå gode vedtak på viktige område, òg når det gjeld Nord-Korea og Iran. Noreg spela ei viktig rolle i å konsolidere oppslutninga om viktige FN-resolusjonar i kampen mot dødsstraff, utanrettslege avrettingar og diskriminering og vald mot kvinner og seksuelle minoritetar.

Noreg har òg spela ei aktiv rolle i alle relevante havrettsprosessar.

Noreg heldt fram som ein sterk og synleg støtte-spelar for den humanitære innsatsen til FN, mellom anna gjennom støtte til ei sterkare koordinering i felten og gjennom tett dialog med sekretariatet til Verdas humanitære toppmøte.

Noreg er den viktigaste bidragsytaren til FN-sekretariatet si ståande gruppe av fredsmeklarar og ekspertar på konfliktførebygging som er tilgjengelege for FNs spesielle politiske oppdrag.

Utviklingspolitiske spørsmål stod sentralt under høgnivåsegmentet i generalforsamlinga, og Noreg er tungt engasjert i dei pågåande reformene på utviklingsområdet (medrekna dei nye berekraftsmåla og finansiering for utvikling).

Når det gjeld samarbeidsklimaet i FN, var det ikkje eintydig verre enn i tidlegare år. Det går framleis eit hovudskilje mellom vestlege land og utviklingslanda i den alliansefrie rørsle (NAM). Eit anna og til dels overlappende hovudskilje er motsetnaden mellom pluralistiske demokrati og land med eit autoritært styresett. Trass i vedvarande motsetnader på ei rekkje område har det likevel lukkast å kome fram til semje i fleire viktige saker ved å samle støtte på tvers av tradisjonelle blokker og skiljelinjer.

Arbeidet i Tryggingrådet var i høg grad prega av Ukraina-konflikten og dei forverra relasjonane mellom Russland og vestlege land. Dette førte først og fremst til handlingslamming når det gjeld Ukrainaspørsmålet og i tilhøvet til Syria, som i tidlegare år. Det lukkast likevel for Tryggingrådet å gjere viktige vedtak mellom anna når det gjeld kampen mot internasjonal terrorisme og fredsoperasjonar i Afrika. Både i Generalforsamlinga og Tryggingrådet førte det auka internasjonale konfliktnivået ikkje berre til splitting, men viste òg eit tydeleg behov for å stå saman mot globale trugsmål.

Reform av FN er eit krevjande og omstendeleig arbeid. Hovudutfordringa er å få alle dei 193 medlemslanda til å einast om konkrete reformer. Under den 69. generalforsamlinga spela Noreg ei aktiv rolle i ei rekkje pågåande prosessar for å effektivisere og styrkje FN.

Det er mellom anna eit sterkt press frå ein del dominerande vestlege land for å kutte i budsjetta, og Japan og mange ikkje-vestlege medlemsland ønskjer å detaljstyre arbeidet til generalsekretæren. Dette er ei stor utfordring for den samla effektiviteten til FN.

Noreg har teke initiativ til ein breiare prosess for reform av FN i samband med val av ein ny generalsekretær i 2016, ein prosess som vil bygge på og styrkje dei reformtiltaka som alt er påbyrja. FN-reform vil framleis stå sentralt i norsk FN-politikk i dei komande åra.

FNs 69. generalforsamling la grunnlaget for store internasjonale prosessar i 2015 på sentrale område. Dette gjeld forhandlingane og avgjerdene om å vedta

nye berekraftsmål, konferansen om finansiering for utvikling og forhandlingane om ein ny klimaavtale (COP21).

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Svein Roald Hansen, lederen Anniken Huitfeldt, Marit Nybakk, Kåre Simensen og Jonas Gahr Støre, fra Høyre, Elin Rodum Agdestein, Regina Alexandrova, Sylvi Graham, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Fremskrittspartiet, Harald T. Nesvik, Per Sandberg og Christian Tybring-Gjedde, fra Kristelig Folkeparti, Knut Arild Hareide, fra Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, fra Venstre, Trine Skei Grande, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bård Vegar Solhjell, har merket seg de viktigste temaene som preget den 69. generalforsamlingen i FN i 2014. Ustabilitet og humanitære kriser i deler av Midtøsten og Afrika, den spente situasjonen i Ukraina, konflikter i Syria, Irak, Sør-Sudan og Den sentralafrikanske republikk var et dystert bakteppe for generalforsamlingen og preget debattene. Disse konfliktene har ført til den største flyktningkrisen siden 2. verdenskrig. Andre viktige temaer som ble viktig under generalforsamlingen var de massive brudd på grunnleggende folkerettslige prinsipp som menneskerettighetene som har funnet sted, ebolautbruddet i Vest-Afrika, eskaleringen av Israel-Palestina-konflikten som førte til krigen i Gaza sommeren 2014, terroristorganisasjonene ISIL og Boko Harams brutale terroristvirksomhet, samt konflikten i Mali. FNs 69. generalforsamling la også grunnlaget for store internasjonale prosesser som forhandlingene og avgjørelsene om å vedta nye bærekraftsmål, konferansen om finansiering for utvikling og forhandlingene om en ny klimaavtale (COP21).

Komiteen merker seg at krisene og konfliktene som preget generalforsamlingen har likhetstrekk ved at de er komplekse og vedvarende konflikter uten direkte utsikter til politiske løsninger.

Komiteen merker seg at Norges prioriteringer i FN har vært de akutte krisene, det langsiktige normative arbeidet i FNs generalforsamling, utviklingsagendaen og reformtiltakene for å styrke FNs evne til å løse sine oppgaver. Eksempler på Norges konkrete innsats har vært fjerning av kjemiske våpen fra Syria, innsatsen mot ebola, bidrag til FNs fredsoperasjoner og politiske meklingsrolle, styrket koordinering av FN-innsatsen på landnivå og støtte til Generalsekretærens initiativ «Human Rights Up Front».

Komiteen mener at Norges velstand, ryddige forhold til naboer og fellesinteresser med de aller

fleste andre stater, bygger på FNs prinsipper. Komiteen vil fremheve viktigheten av å jobbe med utgangspunkt i folkeretten, internasjonal rett og havretten som viktige pilarer i vårt FN-arbeid. Kritikk av brudd på dette og i sær den svekkelsen av territoriell integritet man har sett i forbindelse med Russlands brudd på folkeretten og destabiliseringen av Ukraina er derfor av spesiell viktighet.

Komiteen viser til at Norge, gjennom Generalforsamlingen, fikk godt gjennomslag for prioriterte saker og at Norge gjennom sine prioriteringer har styrket FNs operative evne gjennom politisk og diplomatisk engasjement og omfattende humanitære og utviklingspolitiske bidrag.

Komiteen støtter de utviklingspolitiske målene om fattigdomsreduksjon, og vil trekke frem arbeidet som er blitt gjort for å nå tusenårsmålene innen 2015 gjennom å fremme utdanning, global helse, fredelige samfunn og godt styresett, kvinners rettigheter, klima og tilgang til bærekraftig energi. Komiteen vil trekke frem den høye profil Norge har hatt på spørsmål knyttet til likestilling, menneskerettigheter og innenfor internasjonal strafferett, kvinners seksuelle og reproduktive helse og rettigheter og diskriminering av homofile (LHBT). Komiteen støtter Norges prioriteringer knyttet til utdanning i kriser, varige løsninger for internt fordrevne og seksuell og reproduktiv helse, samt støtte til de fire resolusjoner knyttet til dødsstraff, utenomrettslige henrettelser, personvern og menneskerettssituasjonen i Iran. Komiteen deler bekymringen over at G77-gruppen i flere resolusjonsframlegg tok ut tekster om kvinner og likestilling sammenlignet med tilsvarende resolusjoner i 2013, og støtter arbeidet med å få tilbake disse. Komiteen støtter også Norges medvirkning til økt oppslutning om den internasjonale våpenhandelsavtalen (ATT) og humanitær nedrusting under generalforsamlingen.

Komiteen mener at Norge må være en aktiv stemme for å reformere FN-systemet og ønsker at FN-organisasjonene vektlegger resultater og effektivitet når nivået på bidrag fastsettes.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti understreker at nivået på bidrag ikkje einseitig må setjas ut ifrå effektivitet. Desse medlemene peiker spesielt på at kjernebidraga til FN er avgjerande for drifta av FN og at mange organisasjonar åtvarar sterkt mot vidare kutt i kjernebidraga. Desse medlemene meiner Noreg ikkje må kutte i kjernebidraga til FN på ein måte som svekker FN si evne til å løyse globale utfordringar.

Komiteen merker seg Norges innsats for nødvendig reform av FN og vil særleg trekke frem arbei-

det for effektivisering og fokusering i FN-fondene og -programmene og bedre koordinering i utviklingssystemet i FN. Komiteen merker seg det franske initiativet om å utvikle retningslinjer for frivillig å avstå fra bruken av vetoretten i situasjoner der sivile blir truet av brudd på folkeretten. Komiteen mener at dette har fått fornyet aktualisering etter Russlands og Kinas mange veto mot vedtak i Sikkerhetsrådet knyttet til den manglende evnen til å hjelpe sivile i Syria som dette direkte fører til.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Sosialistisk Venstreparti, legger til grunn at arbeidet med reform vil stå sentralt i norsk FN-politikk i de kommende årene, herunder i forbindelse med valg av ny generalsekretær i 2016.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en utgreiing av mulige konsekvensar ved ei endring av retningslinjene for bruk av vetoretten.

Komiteen merker seg at FNs regulære budsjetter er under kraftig press som følge av kutt fra store bidragsytere og de strenge krav til innsparing dette fører med seg. Komiteen støtter samtidig Norges arbeid for at dette ikke vil få følger for vedtak og gjennomføring av nødvendige reformer. Komiteen støtter videre arbeidet for å unngå at medlemslandene skal detaljstyre FN gjennom Generalforsamlingen, på bekostning av FN-sekretariatets effektivitet. Komiteen mener Norge skal opptre konstruktivt og kritisk overfor FNs ressursbruk og at Norge skal fortsette arbeidet mot økonomiske misligheter og tiltak som sikrer en ansvarlighetskultur som styrker innsatsen for tilsyn og kontroll.

Medlemene i komiteen frå Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti understreker verdien av eit sterkt FN som evnar å løyse globale utfordringar gjennom eit internasjonalt samarbeid mellom suverene demokratiske nasjonalstatar. I ei tid der FN sitt budsjett er under sterkt press, er det svært uheldig at regjeringa, gjennom sitt forslag til statsbudsjett for 2016, tar til orde for å kutte Noregs løyvingar til FN. Det er i Noreg si interesse å bidra til å sikre naudsynt finansiering av eit sterkt FN.

Komiteen deler regjeringens engasjement for å styrke FNs evne til å forebygge og løse væpnede konflikter og til å fremme langsiktig fredsbygging gjennom FN-ledede operasjoner. Komiteen merker seg at FN-ledede operasjoners sikkerhetsutfordringer innebærer grenseoverskridende kriminalitet, terrorisme, trusler i det digitale rommet og piratvirk-

somhet og støtter at dette sees i et helhetlig perspektiv. Komiteen støtter videre arbeidet med å ta opp tema som seksualisert vold, barn i væpnede konflikter, vern av sivile i væpnede konflikter og ansvaret for å verne («Responsibility to Protect», R2P), i tillegg til å støtte konkret innsats for å styrke den kapasiteten som FN-operasjonene har til å gjennomføre omfattende vernestrategier. Komiteen vil peke på viktigheten av tidlig innsats og fredsbygging med vekt på sikkerhetssektorreform og utvikling av rettsstaten som et kjerneoppdrag for FNs fredsbevarende styrker.

Komiteen viser også til Meld. St. 33 (2012–2013) Norge og FN: Felles framtid, felles løsning, der det ble oppnådd enighet om en felles FN-politikk som skal være retningsgivende for Norges aktive FN-engasjement.

Komiteen legger vekt på at Norge fortsatt skal ha en sterk stemme i FN i saker om menneskerettigheter, demokrati, godt styresett og de nye bærekraftsmålene, og støtter at Norge fortsatt skal bygge systematiske allianser for å oppnå konsensus på tvers av regionale grupper og skillelinjer.

### **Komiteens tilråding**

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Meld. St. 36 (2014–2015) – om Noregs deltagelse i den 69. ordinære generalforsamlingen i Dei sameinte nasjonane (FN) – vedlegges protokollen.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 2. desember 2015

**Anniken Huitfeldt**

leder

**Øyvind Halleraker**

ordfører